



Dei gamle skodespelarane er ikkje for gamle!

Det som ein gong var, til dømes på Helgheim, var kanskje trass i alt ikkje å forakta, I alle fall var Haustfest 2015 i kveld ein stor og fengande suksess der 80 opplevde eit gamaldags ungdomslagsmøte med fleire desiderte høgdepunkt. Eitt av dei var eit drama i 5 aktar framført med stor innleving av Bjørgulv Eik, Kristian Bringedal og Kjell Borge Olsen. Det er ingen tvil om at dei gamle er eldst. Eit anna høgdepunkt var framføringa av avisa Daltrekk ved stand in Bjarne Lilleaas som var skriven av Bjarte Døssland, Det inneheld eit gripande, hittil ikkje kjend dikt av Olav H. Hauge kalla Haustskrinna. Det lyder slik, og Bjarte avslørar at det er hans eige verk:



[Bjarne Lilleaas var stand in.](#)

**Myrkret grjotnar i floda
det er tusen alner breitt
millom apalplukkarlemen
og tausadåsi
Skuggane dravlar
nedyver, nedyver
og svalhustrigt på mjupnane
dei stend som istappar i brislingen**



Dag Helland var festtalar.

Vi skal glede lesarane med eit lengre utdrag seinare.

Festtalar på møtet var Dag Helland som hadde oppdraget å skildra ungdomslaget før, i dag og i framtida. Han såg framtida for NU slik:

Viktig å ta omsyn til lokale tilhøve. aktivt arbeid for og mot ungdommen, ikkje for sterke klare syn eller posisjonar i politiske spørsmål, sterk vekt på generell kulturutvikling i relasjon til lokale særpreg og tilhøve, kommunikasjon med lokalsamfunnet inkludert med digitale midlar og å vera synleg, styrka kontakten mellom generasjonane, aktive mot internasjonale kontaktar og rørsler.

Musikalsk sett var også nivået på eit høgt plan. Musikklaget spela til opning, og ein mannskvartett med Svein Rimestad, Kåre Vetrhus, Oskar Langballe og Lars Henrik Skogtun imponerte. Men det kanskje beste bidraget var nok Uskedalsvalsen av Rimestad og Husbandet.

Og så var det matøkt og svingom, som i gamle dagar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



FLINKE SONGARAR FRÅ KØRET.